Investeringstiltak som er ikkje er valde i rådmannen sitt framlegg til økonomiplan 2022 - 2025

Kapittel : Bygg

Tiltak	**038: 4202 Nye Omsorgsbustader/60+ - auka behov for tilrettelagt bustad**
Beskrivelse	I framskriving for befolkningsvekst i kommunen vil det verte eit auka behov for fleire eldrebudstader+/omsorgsbustader sentralt i Samnanger. Det bør leggast opp til ei gradvis utbygging. Dette bør og verte sett i samanheng med start av reguleringsplan for bustader i Bjelkavika i 2022, samt fortetting og bruk/ombygging av eksisterande lokale/bygg. Stipulert 10 mnok i 2024, der ein kan rekne med sal/inntekt 2025. Intern Prosjektleiing/planlegging/kontrakt 40% i 2023

	2022	2023	2024	2025	Totalt
Sum investeringer	**0**	**400 000**	**10 000 000**	**0**	**10 400 000**
Sum annet	**0**	**0**	**0**	**-10 000 000**	**-10 000 000**
Netto finansiering nye tiltak	**0**	**400 000**	**10 000 000**	**-10 000 000**	**400 000**
Sum netto driftskonsekvensar	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**

Tiltak	**007: 4202.3355 Park - opprusting kommunale parker og uteområde**
Beskrivelse	Det treng ei opprusting av kommunale uteområde - dette gjeld torget ved Kamille, 1000-årstaden, kanona v/Fossen bratte og utenfor kommunale bygg. Dette er utbetringar som gjer områda meir universelle, skifte av dekke, beplantning. Det er behov for større torgplass ved Kamille og paviljongen bør verte flytta og til anna stad. Det er behov for å etablere straumuttak til torghandlarar/matvogner og tilgang til vatn. Gjestehavna (innerste del av klubben båtlag) på Bjørkheim må få universell tilkomst med moglegheit for å komme ut og rundt neset, samt i/ut av kajakk,. Det må etablerast ny universell tilkomst til gjestebrygga. I dag er det ikkje tilkomst. Kostnad 1,5 millionar og finansierast med næringsfondet.

	2022	2023	2024	2025	Totalt
Sum investeringer	**1 500 000**	**0**	**0**	**0**	**1 500 000**
Sum fond	**-1 500 000**	**0**	**0**	**0**	**-1 500 000**
Netto finansiering nye tiltak	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**
Sum netto driftskonsekvensar	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**

Kapittel : Veg, kai mm

Tiltak	**006: 4203.3300. Kai og marina Ytre-Tysse -BKK-kaia og etablering av marina**
Beskrivelse	Gamle kaia på Ytre-Tysse- BKK-kaia, vart opprusta då nye kaia vart bygt. Isen tok dessverre nokon av dei nye pælane for nokre år tilbake, og det har ikkje vore midlar til å gjennomføre reperasjon av desse i tidlegare budsjett. Dette arbeidet bør ikkje utsettast lengre og helst verte utført i 2022/23. Ei løysing som er vurdert som god er å kutte kaia, utan å pæle på nytt. Stipert kostnad til 250.000 kr. Kaia kan då verte utvida med både gjestekai og marina, i tråd med reguleringplan. Marina kan komme som eit eige prosjekt i regi av båtlag. El-lading for båtar og ev

	drivstoffanlegg bør og vere med i prosjektet.

	2022	2023	2024	2025	Totalt
Sum investeringer	**0**	**0**	**250 000**	**0**	**250 000**
Netto finansiering nye tiltak	**0**	**0**	**250 000**	**0**	**250 000**
Sum netto driftskonsekvensar	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**

Tiltak	**010: 4203.3320 - Gjennomføring av parkering- og skiltplan komm.vegar**
Beskrivelse	Det er gjennomført ein plan for skilting av veg og parkering samt merking av p-plassar og ved kommunale institusjonar og vegar mm. Kostand med å gjennomføre tiltaka er kroner: 400.000 + 400.000 kroner til merking parkeringsplassar og vegmerking.

	2022	2023	2024	2025	Totalt
Sum investeringer	**500 000**	**0**	**0**	**0**	**500 000**
Netto finansiering nye tiltak	**500 000**	**0**	**0**	**0**	**500 000**
Driftskonsekvenser	**2022**	**2023**	**2024**	**2025**	**Totalt**
Sted	Ansvar: Veg og kaiområde (4203)				
Sum netto driftskonsekvensar	**50 000**	**0**	**0**	**0**	**50 000**

Tiltak	**022: 4203. Opprusting/masseutskifting veg - Nordbygda-Steintveit- inkl legge VA (2023-24)**
Beskrivelse	Vegen frå ungdomshuset i Nordbygda og inn til Steintveit er dårleg og treng utbetrast. Vegen treng ei masseutskifting før ny asfaltering. Kommunen bør samstundes og legga VA-ledningar i samband med vegutbetringa. Forprosjektering VA og vegutbetring hausten 2022 - kroner 100.000. Oppstart anbodsarbeidet i 2023-og ferdigstilling i 2024 - stipulert 1 mill. (?) Dersom det vert lagt fortau på delar av vegen samstundes kjem det i tillegg.

	2022	2023	2024	2025	Totalt
Netto finansiering nye tiltak	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**
Sum netto driftskonsekvensar	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**

Kapittel : Andre tiltak Samfunssutvikling	
Tiltak	**039: 4000 Marknadstiltak - investeringstiltak utbygging i Samnanger.**
Beskrivelse	Investeringstiltak for å stimulere til utbygging av ulike typer bustader, omsorgsbustader og rekrutteringsleilegheiter mm. Markedsundersøking. Kjøp av tomt og planlegging. Bør kome i 2022 for å få til utbygginga som bør skje i 2023/24 for å møte behovet som kjem dei neste åra jf befolkningsprognose fram til 2030 og vidare.

	2022	2023	2024	2025	Totalt

Sum investeringer	**0**	**10 000 000**	**0**	**0**	**10 000 000**
Netto finansiering nye tiltak	**0**	**10 000 000**	**0**	**0**	**10 000 000**
Sum netto driftskonsekvensar	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**

Tiltak	**009: 4103. 3600 Snarveg prosjektet - kortaste veg mellom bustadfelt**
Beskrivelse	Snarvegprosjektet går ut på å få fram og ruste oppatt små gangstiar som går mellom hovudvegane i Lønnebakken, på Gjerde, Steinsland og i Hagaområdet. Desse kan korte ned gangavstanden til både skule, barnehage og opp til Hagabotnane og andre turområde. tiltaket er kostandsrekna til ca 200.000. Det bør vere mogleg å søkje om tilskot - auka bumiljø og betring av folkehelsa.

	2022	**2023**	**2024**	**2025**	**Totalt**
Netto finansiering nye tiltak	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**
Sum netto driftskonsekvensar	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**

Tiltak	**008: 4103. Bubilparkering - etablering av område**
Beskrivelse	Det er behov for ny bubilparkering, som kan erstatte området på Bjørkheim som vert brukt til dette i dag. I revisjon av områdeplanen er delar av Pøyla eit område som kommunen skal vurdere til slik bruk. Der må det avtalast bruk av grunn, stramma opp elvekant, grunnarbeid, merking/skilting av plassen, elektriske uttak, tilgang til vatn, tømming og digital betalingsordning. Dette tiltaket er ikkje kostnadsberekna.

	2022	**2023**	**2024**	**2025**	**Totalt**
Netto finansiering nye tiltak	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**
Sum netto driftskonsekvensar	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**